



Verdiplattform.

Få ting har meir grunnleggjande innverknad på åtferda vår og haldningane våre enn verdiane våre og verdigrunlaget vårt. Verdiane våre er dermed viktig for korleis vi dagleg samhandlar med borna og som eit styringsverktøy for heile personalgruppa.

Vårt satsingsområde: Natur og friluftsliv.

Vi i Liadal barnehage har eit stort uteområde med ein unik natur kring oss, med skogsområde og fjøre som vi nyttar oss av. Vårt satsingsområde er natur og friluftsliv. Naturen gjev barna et rikt utval i leikemateriell og bidreg til at barna sin kreativitet og skapande moglegheit utviklast og utfordrast. Leiker som ei dukke eller ein bil har ein gitt funksjon. I naturen må barna sjølv lage til leiken ved rollespel i naturens kulissar og eller ved å lage ulike leiker av naturmaterieill. I naturen er utvalet kjønnsnøytralt og fri for påverknad og reklame.

I naturen legg vi vekt på at barna saman med vaksne skal få oppleve og utforske naturen vi har kring oss og naturfaglege fenomen. Til dømes kan undersøkingar av maurtuene gje ein etisk refleksjon omkring respekt for alt som lever.

Vi vaksne er medforskarar som undrar oss saman med borna. Vi set ord på det vi ser og opplev rundt oss, på denne måten skapar vi moglegheiter for at barna skal få kunnskap om ulike emne. Ved å stimulere barna si nysgjerrigheit og undring over naturen, ynskjer vi at dette skal bli starten for barna si livslange læring i naturvitskap og forståing for bærekraftig utvikling.

Rammeplanen for barnehagen seier fylgjande om bærekraftig utvikling som vi har med oss i det daglige arbeidet med barna:

Bærekraftig utvikling:

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Bærekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ei forutsetning for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har difor ei viktig oppgåve i å fremje verdier, holdningar og praksis for meir bærekraftige samfunn. Bærekraftig utvikling handlar om at menneskjer som lev i dag, får dekke sine grunnleggjande behov utan å ødeleggje framtidige generasjonar si moglegheit til å dekke sine. Det handlar om å tenke og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at dagens handlingar har konsekvensar for fremtida. Barnehagen skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenke kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal gjere seg erfaringar med å gi omsorg og ta vare på omgjevnadane og naturen [...] Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med naturen sitt mangfold, og barnehagen skal bidra til at barna opplev tilhørigheit til naturen (rammeplan for barnehager 2017).

Leik og Læring-Hand i hand, kva legger vi i vår visjon?

Barn treng å leike, dei leikar heilt av seg sjølv. Leiken er frivillig og barn leikar for å leike, ikkje for å lære.

Men ein lærer mykje i leik.

I leik lærer barna mellom anna å samarbeide, forholde seg til reglar og gjensidigheit, tidtaking og dei trenar på konfliktløysnings situasjonar. Barna lærer om demokrati gjennom forhandling og deltaking i felleskap. Barna kan byggje opp ei komplisert historie der dei byggjer opp eit felles fantasitema som gjerne skiftar rom og forflyttar seg i tid. Dette er svært krevjande intellektuelt, språkleg og veldig krevjande sosialt.

Leiken er grobotn for vennskap og lojalitet, å skape meining, glede, humor og spenning. Den gjev barna moglegheit til å være kreativ, til å bearbeide inntrykk og kjensler dei opplev i kvardagen. Kreativitet er noko av det vi treng i framtida sine yrker.

Det argumenterast meir enn før for at leiken skal utnyttast meir i læringsamanheng. Dette kan true den frie leiken og den læringa den gjev. Av den grunn ynskjer vi å alltid ha nok tid til fri leik og den naturlege uformelle læringa den gjev. Vi ynskjer ikkje å bruke leiken som middel for å oppnå noko, men at leiken skal ha ein verdi i seg sjølv og at læringa som skjer er naturleg. For at barna skal lære i dei uformelle læringsituasjonane skal vi vaksne:

- Inkluderer og støtte borna i leiken.
- Vi skal engasjere borna og motivere dei i leiken og til leik, gje impulsar og vidareføre leiken.
- Vi skal observere leiken, slik at vi systematisk kan gå inn å rettleie dei borna som treng støtte i leik.
- Lære born ulike leikar
- Vere kreative, gje vert rott, kjærleik, møte borna i kjenslene deira
- Vere mentalt pålogga og «tett på»
- Forklare/oppklare/gje meining, gje råd, men òg undre oss saman med borna
- Organisere leikegrupper til det beste for borna
- rettleie borna om leiken medfører uheldige samspelsmønster, vere medvitne på og vurdere eiga rolle og deltaking i leiken.

Synet på barn.

I Liadal barnehage skal vi møte barn som aktive medskapera til eiga læring, som kompetente born og med ei anerkjennande haldning.

Kva vert så meint med anerkjennande haldning?

Ei anerkjennande haldning kan koma til uttrykk i handling viss den vaksne stadfestar, lyttar og tek den andre sitt opplevingsperspektiv, samstundes som ein innehar sitt eige syn. Å ha ei anerkjennande grunnhaldning handlar om å sjå barnet som subjekt.

Å sjå på barn som subjekt handlar om å sjå på barn som medmenneskje, møte uttrykksformene til barn, og gje dei verdi og meining. Den vaksne møter barnet i ein subjekt-subjekt relasjon der dei er likeverdige og gjensidigheit er gjeldande. Uttrykka til barn kjem fram på leikande måtar, desse uttrykka må gjevast meining og verdi. Barnet har ein eigen eksisterande eg-identitet samstundes som barnet vert påverka gjennom ulike kontekstar og relasjonar med andre.

For å sjå og møte barnet som subjekt må den vaksne anerkjenne barnet og vera seg bevist eiga sjølvinnsikt i relasjonen og i den konteksten ein står i. Barn har like stor verdi som den vaksne, sjølv om det vaksne har meir kunnskap og røynsle. Når deltakarar i ein relasjon etterstreber å vera likeverdige leggjer denne grobotnen for trygg og god sjølvkjensle hos barnet.

Våre verdier.

I Liadal barnehage har vi kome fram til fire verdier som vi arbeider ut i frå:

Glede, anerkjenning, meistring og gode relasjonar.

Utdjuping av kjerneverdier i Liadal barnehage:

Glede:

For oss er det viktig at borna opplever glede i kvardagen, for oss vil det seie at:

Vi høyrer barn som ler, vi høyrer munterhet, positivt tonefall, positive samtalar, ros og framsnakking.

Vi ser gode relasjonar, positive opplevingar, godt samspel, glade born, smil, latter, gjensynsglede, positivt kroppspråk, god atmosfære og menneskje som bryr seg om kvarandre.

For deg som arbeider i barnehagen vil det seie at du:

-er nær borna

-er trygg, varm og positiv voksen.

-byr på deg sjølv og ikkje tek deg sjølv så høgtideleg.

-er oppteken av tilhørigheit born-born og vaksen-born relasjonen.

-ser etter og legg opp til aktivitetar som det enkelte born og gruppa meistrar.

Anerkjenning:

Vi ser at vaksne samarbeidar om oppgåvene slik at ein får tid til å sjå det enkelte born. Vi ser glade og trygge barn i godt samspel/samhandling .

For deg som arbeider i barnehagen vil det seia at du:

-er imøtekomande

-er nær borna

-er oppteken av interessene til borna

-er pålogga og tilstades

-snakkar med tilpassa toneleie, har god dialog med vaksne og barn, positivt ladda ord og oppmuntrande setningar

-at du har utvekslingstonen og ikkje undervisingstonen

-at du respekterer meiningane til barnet

-set tydelege grenser samstundes som du ivaretek og møter barnet.

Meistring.

Når barn meistrar ser vi glede og lærande vaksne og barn, vi ser barn som «veks» i positiv utvikling. Vi kjenner at vi lukkast, ein indre vekst som igjen betrar sjølvtilita vår. Vi får ei god sjølvkjensle og opplever trygghet og kontroll. Vi høyrer positivitet, skryt/ros, gode samtalar og refleksjon.

For deg som arbeidar i barnehagen vil det seie at du:

-er nær borna

-legg til rette for at barna kan/skal meistre ved å tilpasse konteksten.

-er eit støttande stilas

-er positiv og har eit positivt kroppspråk

Gode relasjonar.

Når barn opplever at relasjonane er gode ser vi glede, latter, omtanke, vennskap, positivt samspel, harmoni, trygghet og nærleik. Vi ser barn som utforskar, lærer

og undrar seg. Vi undrar oss saman med borna. Vi ser at borna betror seg og får tillit til vaksne og andre barn. Vi kjenner ein god atmosfære. Vi kjenner meistring i ein god relasjon som igjen styrkjer sjølvkjensla vår. Vi kjenner at vi er glade i borna og at borna er glade i oss og andre barn.

For deg som arbeider i barnehagen vil det seie at du:

-er nær borna

-set tydelege rammer som er like for alle tilsette: samstemde personale

-legg opp til aktivitetar slik at vi kan utvikle gode relasjonar med borna, samlast om noko å halda på med.

-er stabil og forutsigbare.

Rettleiing og Kompetanseheving.

Å arbeida med verdiar er ikkje noko statisk og ferdig, men ein prosess som vert endra over tid, og som mellom anna kjenneteiknast av at ein kan reflektere og ta stilling til egne opplevingar og haldningar. Vi må difor kontinuerleg bevisstgjere oss egne verdiar i handling og avlæring av gamle haldningar gjennom rettleiing. Dette kan føre til etisk refleksjon over eigen praksis som igjen kan gje betre kvalitet.